

## Kjempeteigen – kystlynghei – omfang og verdsetting



Areal som skal kartleggast som kystlynghei etter handbok 13/NiN er markert med blått.

Lyng er i den austlege delen låg og godt beita. I den vestre delen er det også beita, men her er lyngen litt høgare. Det er veldig små areal med grov lyng, og det er lite einer. Det finst litt lyng i byggefase, svært lite i pionerfase, hovudparten er i moden fase og det er mindre mengder i degenererande fase.

Når det er lite lyng i pionerfase, er det ikkje brent dei siste åra, og når byggefasen utgjør mindre enn  $\frac{1}{4}$ , så er det endå lengre sidan det har vore brent. Men beiting kan halde ein del lyng i byggefase. Det må vere beita seinast i 2018.

Bortsett frå planta framandartar er det ikkje nemnande gjengroing.

Framandartar: lutzgran og bergfuru. Dei største/eldste er kongleberande. Viss dette blir hogd no, og arealet får vanleg skjøtsel, vil skaden av desse trea vere liten. Arealet vil etter få år sjå ut som resten av kystlyngheia.

Faktaark kystlynghei, versjon 7.8.2015:

*Verdisettingstabell*

Parameter	Lav vekt	Middels vekt	Høy vekt
Størrelse	kalkfattig: >10 daa kalkrik: >1 daa	kalkfattig: >100 daa, kalkrik >10 daa	kalkfattig >1000 daa, kalkrik >100 daa
Tilstand	Noe gjengroing (GG 2-3), hovedsakelig gammel lyng, lav til middels tresjiktthet (TT 2-4)	Lite gjengroingspreg (GG 1-2), evt. en del lyng i byggefase, åpen mark med lav tresjiktthet (TT 1-3),	I bruk med avsviing og/eller beite, alternativt nylig gått ut av bruk med noe lyng i pionerfase (GG1), åpen mark uten trær eller med enkelt-trær (TT 1-2)
Påvirkning/bruk (fremmede arter)		Påvirkning av fremmede arter: FA-2-3: Moderat til svak	Påvirkning av fremmede arter: FA-1: Ingen
Rødlistearter	1 NT/DD-art	2 eller flere NT/DD-arter, eller forekomst av 1 VU-art	2 eller flere VU-arter, eller forekomst av 1 EN- eller CR-art

*Lokalt viktig - C:* Lav vekt oppnådd på størrelse og minst én annen parameter.

*Viktig - B:* Middels vekt på størrelse eller rødlistearter kombinert med lav vekt på tilstand, eller middels vekt på tilstand og påvirkning/bruk i kombinasjon med lav vekt på størrelse eller rødlistearter.

*Svært viktig - A:* Høy vekt på størrelse eller rødlistearter kombinert med middels vekt på tilstand, eller høy vekt på tilstand og påvirkning/bruk i kombinasjon med middels vekt på størrelse eller rødlistearter.]

**Vurdering, handbok 13:**

Storleik – middels vekt

Tilstand – høg vekt

Påverking/bruk – middels vekt/høg vekt

Framandartar – Middels vekt

Raudlisteartar – ?

Høg vekt på tilstand og påverking og middels vekt på storleik gir verdi A. Påverking er på middels, så då når ein akkurat ikkje opp i verdi A.

Middels vekt på storleik og låg vekt på tilstand gir verdi B. Men tilstanden er i dette høvet i alle fall på middels, kan hende høg, og lokaliteten får verdi B med god margin.

Ved fjerning av framandartane og sviing av delar av området, vil verdien auke til ein klar A i løpet av få år.

Med NiN-verdsetting:

Tilstand:

Rask suksesjon god 1

Beitetrykk god 2,3

= tilstand god

Framandart 2 – går ned frå god til moderat

Menneskeskapte objekt –

Slitasje –

= tilstand moderat

På artsmangfaldskalaen:

Storleik gir moderat kvalitet på primær verdi.

Oppgradering frå moderat til stort som følgje av meir enn 2 lyngfasar er kanskje innan rekkevidde.  
(Byggefasen er svakt representert)

Tilstand moderat og artsmangfald moderat gir moderat kvalitet. Aukar den eine av desse eit hakk, så aukar kvaliteten til høg.

Området blei besøkt 22.2.2019.

Langs vegen er det frå aust til vest eit areal truleg gamalt torvtak, med overgang til myr og vidare til beitemark. Til slutt ei slåttemark som mest sannsynleg er gjødsla noko i ein periode. Verdifastsettinga på slåttemarka må gjerast til ei anna årstid, eventuelt på grunnlag av dyrkingshistorikk.

25.2.2019 Øystein Folden